

ASKVOLL KOMMUNE OG SUNNFJORD KOMMUNE

DETALJREGULERING FOR VASSLEIDNING SKORVA – ENGEBØ

FØRESEGNER

PLAN-ID: 14282017003

Andre gongs offentleg ettersyn

Området vert regulert til følgjande, jf. §§12-5,-6 og 7 i plan- og bygningslova:

Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

- Bustader
- Sentrumsformål
- Næringsbebyggelse
- Andre typar bygningar og anlegg
- Energianlegg
- Uthus/naust/badehus

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

- Veg
- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Annan veggrunn- tekniske anlegg
- Parkering

Landbruks- natur og friluftsområde (§12-5, nr. 5)

- LNFRareal for naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag

Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5, nr. 6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- Ferdsla
- Fiske
- Akvakultur

Omsynssooner (§ 12-6, jf.§11-8)

- a.1) Sikringssoner: Frisikt, andre sikringssoner (anlegg i grunnen)
- a.3) Faresoner: Ras- og skredfare, flaumfare (stormflo), høgspenningsanlegg
- e) Gjennomføringssoner: Krav om felles planlegging

Områdeføresegner (§ 12-7)

- Automatisk freda kulturminne som vert søkt frigjeve (Askeladden #1, 6 og 7)
- Vilkår for bruk (#5)
- Anlegg- og riggområde (#2, 3 og 4)

0. FELLES FØRESEGNER

0.1 Terrengtilpassing

Terrenginngrep skal gjennomførast på ein mest mogeleg varsam måte. Fyllingar og skjeringar skal dekkast med jord og tilsåast med stadeigen vegetasjon. Nye skråningar, skal ikkje vera brattare enn 1:1,5.

Murar skal vere best mogleg tilpassa terrenget på staden.
Eksisterande vegetasjon, spesielt kantvegetasjon langs vassdrag, skal takast vare på i størst mogleg grad. Det skal gjerast minst mogleg inngrep i strandområde/vatn.

0.2 Tilgjenge og universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn så langt som råd.

0.3 Omsyn bevaring av kulturmiljø

Dersom kulturminne blir påvist under arbeidet og desse kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta - p.t. fylkeskommunen, ev (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Byggjearbeidet må i så fall ikke takast opp på nytt før området er undersøkt og frigjeve. Brot på desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

0.4 Røkkefølgjekrav

Gang-/sykkelveg skal vere opparbeidd til nivå grusveg før bergverksindustri kan starte produksjon (jfr. detaljregulering for Engebø, plan-ID 143320180049). Vidare er det vilkår for produksjonsstart at det ligg føre utbyggingsavtale for ferdigstilling av veganlegget ut over grusveg nivå. (vedtak sak FOR 022/20 i Askvoll)

[Løysing for gåande og syklande skal vere etablert før bergverksindustri på Engebø kan starte produksjon, jfr. detaljregulering for Engebø, plan-ID 143320180049. \(vedtak sak FOR 030/20 i Sunnfjord\)](#)

1. BEBYGGELSE OG ANLEGG (Plan og bygningslova § 12- 5 nr. 1)

1.1 Næringsbebyggelse (aust i planområdet – ved tunnelen)

Området skal nyttast til mellombels tiltak i anleggsperioden og kan ikkje byggjast ut for næringsbebyggelse før det er utarbeidd og vedteke ein ny detaljreguleringsplan.

1.2 Energianlegg

Området BE ved Skorva omfattar eksisterande kraftproduksjonsanlegg (Nedre Markevatn kraftstasjon). Det kan leggjast til rette for vassinntak og vidareføring av vatn i sjøleidning.

I områda BE kan det elles plasserast transformatorstasjonar for høgspenningsanlegg.

2. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (Plan og bygningslova §12-5 nr.2)

Offentleg areal er merka o.

2.1 Veg, V

Dette er vegbana inkludert vegskulder, grøft og skjering/fylling.

Kryss og avkøyrslar skal utformast trafikktrygt i samsvar med Vegnormalen.

2.2 Køyreveg, SKV

Dette er vegbana inkludert vegskulder.

Kryss og avkøyrslar skal utformast trafikktrygt i samsvar med Vegnormalen.

2.3 Fortau og gang-/sykkelveg

Tiltaket skal utformast trafikktrygt i samsvar med Vegnormalen.

2.4 Anna veggrunn, tekniske anlegg

Området skal nyttast til grøft, rabatt, skjering/fylling/murar og andre tekniske inngrep.

Terrenginngrepa skal utførast slik at minst mogeleg skade vert gjort på sideareala. Istandsetjing

av sideareal skal fullførast samstundes med resten av veganlegget.

2.5 Parkering, SPA

Området skal nyttast til plass for oppstilling av bilar.

5. LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE (Plan og bygningslova §12-5, nr. 5)

5.1 Landbruksføremål

Kjerneområde landbruk. Landbruksverksemd og kulturlandskap skal prioriterast i eit langsiktig perspektiv, og landbruksinteressene skal vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Det er ikkje tillate med tiltak som kan forringe eller føre til driftsulemper for landbruket. Kulturminneverdiane skal prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak. Føreslåtte tiltak bør fremje vern av kulturmiljøet og skal lokaliserast og utformast slik at dei underordnar seg eller byggjer opp om eksisterande kulturmiljø og kulturlandskap.

7. OMSYNSSONER (Plan og bygningslova §11-8, jf. §12-6)

7.1 Sikringssone- frisikt, H140, § 11-8 a.1)

I frisiktsoner skal det vere fri sikt minst ned til 0.5 meter over nivået til dei tilgrensande vegane. Vegeigar kan krevje sikthindrande element fjerna.

7.2 Andre sikringssoner – anlegg i grunnen, H190 - § 11-8 a.3)

Sikringssona omfattar både landareal og sjøareal.

Sikringssona på land er også regulert til (mellombels) anleggs- og riggområde.

Areala innafor sikringssona skal nyttast i samsvar med regulert hovudføremål, men i sona kan det plasserast vassleidningar, el.kablar m.m. under terreng/sjøoverflate. Den endelege plasseringa av kablar/leidningar kan endrast innafor den regulerte sikringssona.

Leidningsanlegg på land skal plasserast på ein måte som tek omsyn til drenerings-systemet i landbruket og slik at det vert mogleg å tilbakeføre/setje i stand deler av dreneringssystemet som ev. vert skada. Vassleidningane skal liggje i frostfri djupne. Ved passering av elveløp kan leidningane førast enten langs bruer eller i grøft under elveleiet – med ekstra forankring av omsyn til skred/vassføring. Dersom leidningane vert lagt i grøft, skal grøfta skal avsluttast med naturlege massar i elveleiet, og det skal ikkje bli danna nye vandringshinder.

Leidningar i sjø skal i størst mogleg grad liggje på botnen og forankrast med lodd eller liknande. Forankringa skal utformast med tanke på minst mogleg ulempe for fiske. I sjø skal det, av tryggleiksomsyn, vere to parallelle leidningar med innbyrdes avstand 15meter.

Kabeltrasé på Hegreneset skal langs område LL (#4) og vidare sørover (ca. 40 meter) til kryss med driftsveg, leggast så langt vest som mogleg innanfor føremålet.

Det kan ikkje plasserast bygningar eller andre tiltak som kan vere til ulempe for dei nedgravne/nedsenka anlegga.

7.3 Fareområde, § 11-8 a.3)

7.3.1 Høgspenningsanlegg, H370

Dette er tryggleikssone langs eksisterande høgspenline, ved Nedre Markevatn kraftstasjon og rundt trafoar.

7.3.2 Ras- og skredfare, H310

I områda kan det ikkje gjennomførast tiltak etter plan- og bygningslova §20-1 før det er gjort nærare skredvurdering og gjennomført naudsynte tiltak, jf. teknisk forskrift til plan- og bygningslova (TEK17). Leidningar som kryssar faresona skal utførast med ekstra forankring med tanke på skredsikring..

7.3.3 Flaumfare, H320 (Stormflo)

Tiltak i området må sikrast/utformast med tanke på fare for stormflo, jf. teknisk forskrift til plan- og bygningslova (TEK17). Leidningar skal gravast/sprengast ned, og grøfta skal dekkast med store steinar for å motverke skade pga. havnivåstigning og høgvasstand.

7.4 Soner med angjevne særlege omsyn, § 11-8 d)

7.4.3 Omsyn bevaring kulturmiljø, H570 (søraust for Vevring kyrkje)

Ved bygging av veg/fortau, legging av leidning/kabel og ev. andre tiltak, skal det takast omsyn til kulturlandskapet. Den steinsatte bekken og marka langs denne skal takast vare på eller ev. attendeførast til tilstanden før anleggs-start.

7.5 Gjennomføringssoner, § 11-8 e)

7.5.1 Krav om felles planlegging, H810

Omsynssona er del av eit område (jf. kommunedelplan) med krav om felles planlegging-

8. FØRESEGNOMRÅDE (Plan og bygningslova § 12-7)

8.1 Automatisk freda kulturminne

Dei råka kulturminna, id 239965 1-3, id 239966 og id 239964, som er markert som føresegnområde #1, #6 og #7 i plankartet, kan fjernast utan ytterlegare arkeologiske undersøkingar.

8.2 Anlegg- og riggområde, #2

Arealet kan nyttast til anleggsaktivitet i samband med utbygging av dei ulike tiltaka i planen. Det kan gjerast mellombels tiltak, t.d. anleggsveggar, ev. også permanent terrengtilpassing med tanke på framtidig bruk. Når anlegga i samsvar med denne planen er ferdigstilte, skal områda ha den arealbruken som elles går fram av plankartet. Terrenget skal så langt råd, attendeførast til tilstanden før anleggsarbeidet starta.

Føresegnområdet omfattar også naudsynte mellombels anleggsveggar.

Noverande jordbruksveggar på Hegreneset skal forsterkast permanent med tanke på anleggstrafikken.

8.3 Anlegg- og riggområde, #3 Indre Vevring og #4 Hegreneset

Områda kan nyttast for mellombels tiltak i anleggsperioden: Massedeponi, plassering av brakkerigg mm.

Når anlegga i samsvar med denne planen er ferdigbygde, skal områda ha den arealbruken som elles går fram av plankartet. Terrenget skal så langt råd attendeførast til tilstanden før anleggsarbeidet starta, eller (Hegreneset) forbeholdt som landbruksareal.

#4 Hegreneset: Det skal ikkje gjerast vesentlege inngrep i terrenget, og hellingstilhøva skal ikkje endrast. I eit belte på 5 meter langs sørgrensa og vidare sørover langs austgrensa (ned til driftsvegen) kan det ikkje gjerast inngrep i terrenget eller fjernast vegetasjon eller jordlag.

8.4 Vilkår for bruk, #5

Området er sett av til fiskeområde aktiv reiskap – rekeområde

Ferdslar har prioritet (i samsvar med hovudformålet). Det er ikkje tillatt med dumping eller installasjonar som er til hinder for utøving av fiske.
